

Sommarlandfestivalen- Musikkfestivalen for alle!

TIL FESTIVALDELTAKARANE

7.6.2019

Sommarlandfestivalen 2019 nærmar seg. Her er full beredskap for å ta imot dykk på beste måte helga 21. – 23. juni.

FRAMMØTE

Når de kjem til Bø, møter de på **Festivalkontoret** som er i **Gullbring Kulturanlegg** i Bø sentrum. Øverst i Bøgata tar du av til venstre mot Gullbring, det vil bli sett opp skilt "Til Festivalkontoret". Bussane må parkere ved Bø hotell, ikkje køyre ned til Gullbring. Telefonnummer til Festivalkontoret er tlf: 90783923/ 97508483. Festivalen ønskjer at ein eller to leiarar registrerar laget. På Festivalkontoret får de tildelt programhefte, medaljer og billetter til Sommarland. De vil også bli guida til overnattingsstaden. Billettane til Sommarland er eit wristband, hugs å feste bandet godt rundt armen. Festivalen erstattar ikkje mista wristband.

Marsjering fredag; Informasjon til dirigenten

Marsjeringa fredag går frå Gullbring kulturanlegg til Bø torg.

Laga blir sendt ut med jamne mellomrom, ta hensyn til kvarandre. Ikkje spel trommemarsj dersom det skulle forstyrre dei foran eller bak medan dei spelar. På veg mot Bø torg får korpset spele ein av marsjane sine medan ein marsjerar. På eit punkt får korpset beskjed om å stoppe spelinga. Korpset blir presentert ved ankomst Bø torg. Det står skilt med start speling og stopp speling. Når alle har kommet inn på torget, blir det offisiell opning ved ordførar og avspeling av fellesnummer.

SOVEPOSE/ LIGGEUNDERLAG

Alle må ha med sovepose eller dyne, pute og sengetøy. **Alle** som overnattar på skule/ klasserom/barnehage må i tillegg ha med liggeunderlag. På studentheimane er det ei uoppredd seng, i tillegg er det da plass til to med eige underlag på kvart rom. Det er ikkje dusj på alle overnattingsstadene, men dusjane i Gullbring Kulturanlegg kan nyttast i samband med måltida.

SPESIALMAT

Dersom nokon må ha spesielt tilrettelagt mat og ikkje har meldt ifrå om dette tidlegare, ber vi om at de sender oss ein e-post snarast. Sjå også infoen frå matkomitéen.

ØKONOMI

Dei som ikkje har betalt kontingenten, må gjere det før dei kjem til Bø. Hugs å spesifisere på innbetalinga kva som vert betalt for. Kontonummer til festivalen er: 2630.07.19642. NB: Giro vert ikkje tilsendt.

Sommarland har åpent frå kl. 10.00 til kl.17.00 fredag og søndag og frå kl. 10.00 til kl. 19.00 laurdag.

Velkommen til Bø og Sommarlandfestivalen!

Mvh

Sverre Jacobsen, festivalsekretær